



NOREGS HØGSTERETT

Den 23. januar 2015 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Stabel og Noer i

HR-2015-00155-U, (sak nr. 2014/2290), sivil sak, anke over kjennelse:

A

sagt slik

O R S K U R D :

- (1) Saka gjeld fastsetjing av salær til forsvararen der hovudforhandlinga blir utsett etter at rettsmøtet har teke til.
- (2) Advokat A møtte som forsvarar i ei straffesak for Kristiansand tingrett 22. september. Han sette fram krav om salær etter forskrift 12. desember 2005 om salær fra det offentlige til advokater m.fl. etter faste satser (stykkprissatser) ved fri rettshjelp og i straffesaker (stykkprisforskriften) § 7. Etter denne føresegna har forsvararen krav på 6 gonger den offentlege salærsatsen for ei hovudforhandling som ikkje varer over 2 timar. I den aktuelle saka sette advokat A fram krav i samsvar med dette. Om dei nærare omstenda i saka heiter det i lagmannsrettens orskurd:

"Hovedforhandlingen var berammet til 22. september 2014. Etter at retten var blitt satt uten at tiltalte var møtt, ble det klarlagt at tiltalte ikke var blitt lovlig stevnet, og at saken ikke kunne behandles i hans fravær. Den videre behandlingen av saken ble deretter utsatt til 6. november 2014. Rettsmøtet varte i følge rettsboken fra kl 0900 til kl 0915."

- (3) Ved Kristiansand tingretts vedtak 14. oktober 2014 vart salærkravet frå forsvararen ikkje godteke. Tingretten grunngav vedtaket slik:

"Rett ble satt 22/9-14 og hovedforhandlingen således påbegynt. Saken ble deretter utsatt pga utilstrekkelig forkynning for tiltalte. Nytt tidspunkt for hovedforhandling ble senere berammet 6. november – men det er fremdeles samme sak. Utsettelsen gir krav på 3 timer jf. salærforskriften § 11. Faktura for øvrig del av arbeid må innsendes ved avslutning av hovedforhandlingen. Utsettelsen medfører ikke at det kan faktureres som for to saker."

- (4) Tingretten fastsette salæret til kroner 3 618,75.

(5) Advokat A anka til lagmannsretten. Ved Agder lagmannsretts orskurd 10. november 2014 vart anken forkasta.

(6) *Advokat A* har anka lagmannsrettens orskurd. Han har halde fram at salæret skal fastsetjast etter stykkprisforskrifta § 7 første ledd, og at lagmannsretten har forstått forskrifta feil når retten har nytta salærforskrifta § 11. Hovedforhandlinga hadde teke til, og behandlinga av saka var komen forbi det tidspunktet salærforskrifta § 11 er meint å fange opp. Det er sett fram slik påstand:

"1. I tingrettens salærfastsettelse gjøres den endring at salæret settes til 5 790 kroner med tillegg av merverdiavgift 1 447,50, til sammen 7 237,50 kroner.

2. Staten v/domstolsadministrasjonen dømmes til å betale saksomkostninger for tingretten og lagmannsretten. Dette utgjør til sammen 5 500 kroner med tillegg av merverdiavgift kr. 1375,- til sammen kr. 6875,-. I tillegg kommer gebyr for lagmannsretten og Høyesterett."

(7) *Høgsteretts ankeutval* viser til at anken over salærkravet skal behandlast etter reglane i tvistelova, jf. straffeprosesslova § 107 første ledd, jf. straffeprosesslova § 78 andre ledd siste punktum, jf. rettshjelpslova § 27, jf. forskrift 3. desember 1997 nr. 1441 om salær fra det offentlige til advokater mv. (salærforskriften) § 13 første ledd første punktum.

(8) Kompetansen for utvalet er avgrensa til å prøve om lagmannsretten har bygd på ei uriktig generell lovforståing, og om avgjerda er openbert uforsvarleg eller urimeleg, jf. tvistelova § 30-3, jf. § 29-3 tredje ledd. Anken gjeld forståinga av salærforskrifta § 11 samanhalden med stykkprisforskrifta § 7. Dette kan utvalet prøve.

(9) Utvalet har ovanfor sitert eit utsnitt frå lagmannsrettens orskurd. Om faktum i saka er vidare uttala:

"Rettsmøtet varte imidlertid bare 15 minutter og dets eneste faktiske innhold var å ta stilling til om hovedforhandling i straffesaken kunne gjennomføres."

(10) Når det gjeld forståinga av salærforskrifta heiter det:

"Planlagte rettsmøter som ikke innledes med formål om å være hovedforhandlinger, er omhandlet særskilt i stykkprisforskriften § 7 femte ledd, og godtgjøres i følge denne bestemmelsen etter salærforskriften. I eventuell mangel av noen annen bestemmelse, kunne salærgodtgjørelsen for advokatens arbeid i forbindelse med rettsmøtet 22. september tenkes godtgjort etter denne bestemmelsen, f.eks. som en analogi til "forberedende rettsmøte". Lagmannsretten finner det imidlertid mer naturlig, slik tingretten gjorde, å anvende salærforskriften § 11 på forholdet. Dette fordi formålet med denne regelen er å regulere situasjonen som er helt sammenfallende med det som er situasjonen i saken her, jfr paragrafens overskrift som er "Utsettelse... av rettsmøte/oppdrag", (vår kursivering), selv om teksten i det enkelte ledd bare omtaler "rettsmøte"."

(11) Utvalet viser til at rettsmøte som blir utsette i utgangspunktet går inn under salærforskrifta § 11 første og sjette ledd. Det kan nok vere slik at situasjonen i saka no har ein viss likskap med tilfelle som går inn under § 11. Men § 11 første ledd regulerer "avlysing eller utsettelse

av rettsmøte", og det må då vere tale om tilfelle der det ikkje blir noko rettsmøte til det fastsette tidspunktet. Også § 11 fjerde ledd gjeld "utsatt eller avlyst rettsmøte".

- (12) I dette tilfellet møtte forsvararen til den tillyste hovudforhandlinga, og det vart forhandla i 15 minutt. Dette går etter ordlyden inn under stykkprisforskrifta § 7. At hovudforhandlinga berre kom til å gjelde eit prosessuelt spørsmål, kan ikkje endre dette. Det kan heller ikkje føre til endring at det kan måtte haldast ny hovudforhandling, som då må vurderast på sjølvstendig grunnlag etter stykkprisforskrifta.
- (13) Utvalet minner om at stykkprisordninga er tenkt å vere ei skjematisk ordning, som gir eit dekkjande salærnivå når mange saker blir sett under eitt. Også hovudforhandlingar i den nedre del av tidsramma går derfor inn under salærsatsen.
- (14) Lagmannsrettens orskurd må etter dette opphevast.
- (15) Advokat A har sett fram krav om sakskostnader. Utvalet legg til grunn at påstanden er meint å gjelde sakskostnader for lagmannsretten og for Høgsterett. Kravet gjeld salær med samla 5 500 kroner, og dessutan dekning av rettsgebyr med 5 160 kroner for kvar instans. Erstatning for meirverdiavgift blir ikkje tilkjent, jf. *Rt. 2014 side 204* * *Rt. 2013 side 204*. Nødvendige kostnader blir då fastsett til 15 820 kroner. Av den nemnde avgjerda går det fram at den ansvarlege for kostnadene er staten ved den aktuelle lagmannsretten.
- (16) Orskurden er samrøystes.

S L U T N I N G:

- 1. Lagmannsrettens orskurd blir oppheva.
- 2. I sakskostnader for Høgsterett betaler staten ved Agder lagmannsrett til advokat A 15 820 – femtentusenåttehundreogtjue – kroner innan 2 – to – veker frå forkynninga av denne orskurden.

Ingse Stabel
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Ragnhild Noer
(sign.)

* *Retta 30. januar 2015 i medhald av tvistelova § 19-8.*

Karl Arne Utgård
(sign.)

Riktig utskrift: